



Fyresdal

Årsmelding Fyresdal ungdomsråd 2024

Mandat:

Fyresdal ungdomsråd er eit lovbestemt rådgjevande organ for Fyresdal kommune i alle saker om gjeld barn og unge sine levekår og livsstandard i kommunen.

Ungdomsrådet er heimla i kommuneloven § 5-12 og vidare i «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom».

Ungdomsrådet skal sjå til at synspunkt frå ungdom blir varetatt i kommunen sine beslutningsprosessar, og har rett til å uttale seg i alle saker som er viktig for barn og unge. Ungdomsrådet kan og ta opp saker på eige initiativ.

Rådet skal vere ein stad der unge kan lære om demokrati og politiske prosessar, slik at dei involverast i samfunnsutviklinga.

Ungdomsrådet har sin verketid som skuleår, med val annan kvart år, det blir derfor litt kunstig i årsmeldinga med to forskjellige utval i løpet av eitt år.

Val og samansetning.

Kommunestyret har bestemt fylgjande føringar for val og samansetning av ungdomsrådet:

Samansetjing:

5 faste medlemer:

3 varamedlemer

1 medlem frå kommunestyret eller OKO-utvalet med møterett

Det skal vere kjønnsmessig balanse dersom det er mogleg.

Valet skal helst vera gjennomført innan skulestart, annan kvart år.

Alder:

Ungdomsrådet skal vere for ungdom i alderen 13-19 år

Funksjonstid:

Medlemene veljast for to år av gongen.

Dersom det blir vald ein person som blir eldre enn 19 år seiste del av valperioden, blir denne ved val oppnemnt for eitt år, og varamedlem går automatisk inn seiste året.

Rådet utnemner sjølv leiar og nestleiar, med funksjonstid to år.

Det er kommunestyret som vel representantar til ungdomsrådet.

Ungdomsrådet sin medlemmer og varamedlemmer i 2024:

Valperioden (skuleåret) 2023/2024			
Mathilde Rinden, leiar	3. vgs	1.Malin Åmlid	vgs
Oda Wæthing, nestleiar	2. vgs	2.Ingrid Lauvrak Skeimo	vgs
Hanna Broshaug Haakenstad	10. trinn	3.Tarjei Røed Momrak	9. trinn
Kristian Broshaug Haakenstad	9. trinn		
Håvard Midtgarden	10. trinn		
Valperioden 2025/2025			
Hanna Broshaug Haakenstad	1. vgs	1.Ingrid Lauvrak Skeimo	1vgs
Oda Wæthing, nestleiar	2. vgs	2.Tarjei Røed Momrak	10. trinn
Kristian Broshaug Haakenstad	10. trinn		
Håvard Midtgarden	1 vgs		
Malin Åmlid	2 vgs		

Sekretær og koordinator:

Det er avdelingsleiar kultur som er sekretær og koordinator for ungdomsrådet.

Møtegodtgjering:

Møtegodtgjeringa til ungdomsrådet er kr 600,- pr. møte, og blir dekt av kommunen sitt ordinære budsjett for politisk verksemd. Ein bør vurdere for neste periode å auke godtgjering til leiaren.

Økonomi:

Fyresdal ungdomsråd har eit årleg budsjett på kr 20.000,- . Midlane skal nyttast til servering og evt. utgifter til turar/reisegodtgjering.

Fyresdal ungdomsråd har årleg ei sak om bruk av restmidlane. I 2025 blei det vedtatt at desse midlane skal vere søkbare for andre, og at tildeling skal skje kvar haust.

Møter og saker:

Ungdomsrådet har i 2024 hatt åtte ordinære møter. Saker til handsaming har vore:

Deltaking i Nullvisjon markering «Lys til ettertanke»

Årsmelding 2023 Fyresdal ungdomsråd

Bruk av eigne midlar

Sommaraktivitet for ungdom, midlar til drift sommaren 2024

Val av leiar og nestleiar 2024/2025

Økonomiplan 2025-2028 og årsbudsjett 2025

Plan for kulturbygg idrett og friluftsliv 2025-2028 – handlingsprogrammet

Heim for ein 50 lapp – ny ordning

Bruk av eigne midlar, ny ordning

Møteplan 2025

Orienteringar/drøftingssaker:

Ordførar Erik Skjervagen var med på møtet i mars og orienterte om datasentersatsinga i Fyresdal kommune.

Ungdomsrådet har blitt orientert om resultat frå ungdatabundersøkinga som blei gjennomført vinteren 20.

Ungdomsrådet har blitt orientert om ny temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, og prosessen med dette arbeidet.

Deltaking på konferansar/seminar:

Vest-Telemark rådets vårsamling i mai 2024, fire deltok på samlinga.

Telemark ungdomsting, to deltok frå Fyresdal

Kurs for ungdomsråda i Vest-Telemark, samling i Tokke, alle deltok frå Fyresdal

Orientering om prosess om kulturhuset